



MØTEPROTOKOLL VALNEMNDA

Møtedato: 11.03.2016
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 08:30 - 10:15

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Brita Hesjedal Lunde	AP	Utvalseiar
Kjartan Haugsnes	SV	Nestleiar
Jan Hansen	AP	Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Arne Normann	KRF	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Bjørn Øivind Krogsrud	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Heidi Rongved	AP	Bjørn Øivind Krogsrud, AP

Andre møtande:

Politisk sekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2016	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2016	GODKJENNING AV MØTEBOK
03/2016	VAL AV MEDDOMMARAR OG FORLIKSÅD FOR PERIODEN 01.01.2017 - 31.12.2020



01/2016: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Valnemnda 11.03.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

VALN - sak 01/2016 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

02/2016: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Valnemnda 11.03.2016

Behandling:

Samrøystes vedtak.

VALN - sak 02/2016 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



03/2016: VAL AV MEDDOMMARAR OG FORLIKSÅD FOR PERIODEN 01.01.2017 - 31.12.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valnemnda 11.03.2016

Behandling:

Frå 01.01.2017 skal Bergen tingrett og Nordhordland tingrett slåast saman til Bergen tingrett. Dette medfører at antalet meddommarar til tingretten som Vaksdal kommune skal oppnemne, er redusert frå 34 til 12 meddommarar (6 kvinner og 6 menn).

Alle som gjer teneste som meddommar i inneverande periode har fått brev der dei vert bedne om å melda frå dersom dei ikkje ønskjer å fortsetja i vervet. Det er og kunngjering på nettsida til Vaksdal kommune der ein oppmoder folk om å melda seg som meddommar. Pr. no har 5 personar meldt seg. Når ein tar hensyn til dei som har meldt frå om at dei ikkje vil fortsetja som tingrettsdommar, eller har nådd aldersgrensa på 70 år, har Vaksdal kommune pr. dato for mange kandidatar til tingretten.

Etter forslag frå Kjartan Haugsnes, legg valnemnda følgjande prinsipp til grunn for å velja ut kandidatar:

- Dei som nærmar seg aldersgrensa blir tatt ut
- Dei som er i valnemnda blir tatt ut
- Personar som har meldt seg, blir tatt med på lista over meddommarar til tingretten
- Dersom ein har for mange meddommarar til tingretten, kan desse flyttast til lagmannsretten samt jorskifteretten og/eller forliksrådet

Valnemnda gjekk gjennom listene over meddommarar og kom fram til ei førebels innstilling. Oppdaterte lister ligg ved protokollen.

Til neste møte i valnemna må følgjande personar kontaktast:

- Bente Jorunn H. Sundheim vedk. medlem i forliksrådet (Boris Groth)
- Erling Stamnes vedk. vara til forliksrådet (Sølvi Legård)
- Kjartan Dale og Asbjørg Hesjedal vedk. flytting til møtefullmektig for forliksrådet (Brita H. Lunde)
- Anne Berit B. Straume til jordskifteretten (Arne Normann)
- Åshild Lien som medlem/leiar i forliksrådet (Sigmund Simmenes)

Neste møte i valnemnda blir 15. april kl. 0830.

VALN - sak 03/2016 Vedtak:

Valnemnda arbeider vidare med saka.
